



Arkivnr: 2018/14702-7

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 28.03.2019 |

Klage over tildeling av ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS

Samandrag

Odda Taxilag AS (OT) har klaga på fylkesutvalet si tildeling av ruteløyve til Taxi/Bus Odda AS (TBO) for strekninga Odda – Tyssedal – Skjeggedal. Klagegrunnlaget er passasjerkapasitet, konkurranse og TBO sitt transportmateriell. Etter ei vurdering av OT sine anførsler, rår fylkesrådmannen til at klaga ikkje vert teke til følge.

Økonomi: Ingen effekt.

Klima: Ingen effekt.

Folkehelse: Ingen effekt.

Regional planstrategi: Ingen effekt

Forslag til vedtak

Klage av 25.02.19 frå Odda Taxilag AS over fylkesutvalet sitt vedtak i sak PS 11/2019 vert ikkje teke til følge.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.02.2019

Bakgrunn

Administrasjonen har i brev av 25.02.19 frå Odda Taxilag AS¹ (OT) motteke klage på vedtak gjort av fylkesutvalet i sak PS 11/2019, som blei handsama i møte 31.01.19. Vedtaket har følgjande ordlyd:

1. Fylkesutvalet tildeler Taxi/Bus Odda AS ruteløyve for strekninga Skjeggedal – Tyssedal – Odda.
2. Taxi/Bus Odda AS skal ikkje utføre rutetransport mellom Tyssedal og Odda når Skyss har rutetilbod der.
3. Fylkesutvalet oppmodar Taxi/Bus Odda AS til å nytte mest mogleg miljøvenleg materiell.

Saksopplysningar

Fylkesutvalet er underinstans i saka.² Fylkesutvalet kan avvise klaga, gjere om vedtaket eller stadfeste det.³ Dersom vedtaket vert stadfesta, skal saka sendast til klagenemnda for endeleg vedtak.⁴ Dersom saka vert sendt til klagenemnda vil den bli førebudd eksternt, som følgje av at fylkesrådmannen har førebudd saka for fylkesutvalet.

OT er ikkje part i saka, men med grunnlag i ei tolkningsfråsegn frå Samferdselsdepartementet⁵, har fylkesrådmannen kome til at OT har 'rettsleg klageinteresse' og såleis krav på å få handsama klaga.

Klaga oppfyller ikkje eksplisitt den delen av formkravet til klage om at den skal «*nevne den endring som ønskes i det vedtak det klages over*»⁶, men fylkesrådmannen finn det implisitt at denne er at Taxi/Bus Odda AS (TBO) ikkje vert tildelt ruteløyve og godkjenner difor klageforma.

Klaga lyder i sin heilskap som følgjer:

Vi i Odda Taxi vet vi har kapasitet nok til å holde unna trafikken til Skjeggedal, men de 2 siste åra når TaxiBuss Odda har vært å kjørt rundt våre ruter har vi ikke kunnet utnytte vår kapasitet, men gjør oppmerksom på at Odda Taxi har delvis ansatt to personer for denne jobben og vi har brukt mye penger på kjøp av stor buss.

Odda Taxi har avtale med [...] Odda Rutebuss as, som har 2 store busser + minibuss, de stiller opp ved behov.

Vi har offentlige ruter i visit Hardangerfjord, og på nett og vår hjemmeside.

Vi i Odda Taxi har rutekonsesjon Odda – Skjeggedal og har kjørt dette nå i 4 år, vi kommer til å kjøre de ruter vi har kjørt hele tida og forventer at TaxiBuss holder minst en halv time avstand fra våre ruter, ikke som i fjor da de kjørte 5-10 min før våre ruter.

[Bilete av motorvogn.] Dette er blant annet et kjøretøy Taxi Buss Odda bruker å kjøre opptil 7 personer i fra Tyssohallen til Skjeggedal, ER DETTE LOVLIG???

¹ Org.nr 984 572 646.

² Jf yrkestransportforskrifta § 3, 1. ledd, forvaltningslova § 28, 2. ledd og *Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune*, punkt 30, 2. ledd

³ Jf forvaltningslova § 33, 2. ledd.

⁴ Jf forvaltningslova § 33, 4. ledd.

⁵ § 28 – Svar på spørsmål om klager har rettslig klageinteresse i sak om ruteløyve, jf. Forvaltningsloven § 28. (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-28---svar-pa-sporsmal-om-klager-har-ret/id456261/>, 27.02.19).

⁶ Forvaltningslova § 32 d).

Transporten som det vert vist til her må ha vore utanfor rute, då TBO ikkje tidlegare har hatt ruteløyve for strekninga.

Vurdering

Oppsummert finn fylkesrådmannen tre klagegrunnar: Passasjerkapasitet, konkurranse og transportmateriell.

Som alle andre offentlege organ, følgjer fylkeskommunen i si sakshandsaming det ikkje lovfesta prinsippet om likskap i forvaltinga. Dette tilseier at vedtak i alle tilnærma like søknader om ruteløyve skal vere like. Dermed har TBO i utgangspunktet krav på same ruteløyve som OT har. Fylkesutvalet *kan* likevel gjere skilnad mellom tilnærma like søknader når det ligg føre 'saklege grunnar'.

Passasjerkapasitet kan tenkjast å vere ein sakleg grunn for ulik handsaming. Av omsyn til m.a forureining og vegslitasje kan ein kome til at ein bør regulere strengt at det ikkje er overkapasitet i marknaden. Dette må likevel vegast mot m.a mogleg skifte frå bil- til busstransport som følgje av høgare rutefrekvens og eventuelle lågare priser som følgje av konkurranse.

Dei siste ca 20 åra har ein i Hordaland opna for fri konkurranse mellom kommersielle aktørar. Dette er ikkje til hinder for at ein i dag kan leggje restriksjonar med grunngjeving i t.d overkapasitet. Etersom klagar sjøve opplysar at dei har avtale med undertransportør for å dekkje si eiga *underkapasitet*, er det liten grunn til å frykte ulemper som følgje av overkapasitet. Den teoretiske overkapasiteten er i alle høve ikkje større enn 10 turar med ordinær drosje kvar veg på den aktuelle korte strekninga. (Bussar vert berre sett inn ved behov.) Fylkesrådmannen finn etter dette ikkje å kunne tilrå å ta klaga til følgje korkje med grunnlag i OT sin anførsle om passasjerkapasitet eller konkurranse.

Til OT sin anførsle om at TBO vil køyre 5-10 minutt før førstnemnde sine rutetider vil fylkesrådmannen gjere merksam på at rutetidene skal godkjennast av fylkeskommunen. Innafor visse ramar står begge operatørane likeverdige fritt til å utforme rutetider. Desse skal vere faste. I praksis vil det vere marknaden som legg dei kraftigaste føringane for utforminga av kommersielle rutetilbod.

Materiellet både TBO og OT må nytte i rutedrifta må følgje reglane i m.a vegtrafikklova, køyretøyforskrifta og yrkestransportlova. Korkje fylkesutvalet eller klagemndda kan gje dispensasjon frå desse, og det er politiet og Statens vegvesen si oppgåve å handheve reglane.

På grunnlag av vurderinga over rår fylkesrådmannen til at klaga frå OT ikkje vert teke til følgje.